



TVERRPOLITISK LISTE for GISKE



Olav Sindre Roald



Asbjørn Furnes



Kolbjørn Rørstad



Ann-Iren Sperre



Ingrid Heggem Roald

**Stem JA til ein
ansvarleg politikk
i Giske kommune**

www.tlgiske.no



Kommunevalet 2015

Program for kommunestyreperioden 2015-2019

BAKGRUNN – SITUASJONEN I DAG

Giske Kommune er ein god kommune å bu i, med eit godt tenestetilbod for dei fleste. Tilhøvet mellom kommunen og innbyggjarane er ope og godt, og innbyggjarane trivst godt i kommunen.

Men utfordringane for kommunen er sær store. Kommunen er den tettast befolka landkommunen i fylket, og den med tredje størst folketalsvekst. Andelen av folket under 18 år er høgast i Møre og Romsdal, og talet på eldre innbyggjarar veks sterkt. Dette gjer at det blir auka krav til tilboda innan barnehage og skule, infrastruktur, bustadbygging og pleie- og omsorg.

Dei siste åra er det gjort store investeringar innan m.a. eldreomsorg og skule. Kommuneøkonomien er så hardt pressa at det trengs sterke politiske tiltak til for å unngå økonomiske krise. Ein sunn og kontrollert økonomi er føresetnaden for at kommunen fortsatt skal vere ein god kommune å bu i.

I Giske er det investert utover økonomisk evne. Frie inntekter pr. innbyggjar er mellom dei lavaste i fylket. Lånegjelda er snart 1 milliard kr., den høgaste i landet i høve til inntekta. Kommunen har tatt opp lån til drifta. Med eit stort underskot i 2014, og ein dårleg start på 2015, er handlingsrommet sær trengt.

Tverrpolitisk Liste for Giske vil føre ein ansvarleg økonomisk politikk. Vi vil bruke dei avgrensa midlane etter strenge prioriteringar. Vi vil seie JA når det er mogleg, og NEI når økonomien ikkje strekk til. Vi vil ikkje legge større skattebyrder på innbyggjarane, og seier NEI til auka eignedomsskatt.

SKULE OG BARNEHAGE

Giske Kommune har ein godt utbygd skule, med gode læringsmiljø og dyktige tilsette. Bygningsmassen er i hovudsak bra, særleg med ny Valderøy skule. Auka elevtal krev meir plass. Vi må no ha plass til 250 fleire elevar enn for ti år sidan, og elevtalet veks vidare.

Tverrpolitisk Liste for Giske vil:

- Ha ein ungdomsskule i kommunen. Prosessen må starte, snarast, og gjennomførast i løpet av komande kommunestyreperiode (2019).
- Ha ein barneskule på kvar øy. Flytting av barneskulen på Alnes til Godøy. Sal av skulen på Alnes.

- Sikre alle elevar like ressursar og vilkår.
- Samarbeid med skulane om meir effektiv bruk av økonomiske og faglege ressursar.
- Bygge eit nytt symjeanlegg på Valderøya når det kan finansierast innan forsvarlege rammer.
- Sikre forsvarleg vedlikehald av bygg og anlegg.

HELSE OG OMSORG

Omlag 420 personar, av desse 70 under 67 år, mottar pleietenester frå kommunen i dag. Fleire enn 1000 innbyggjarar er over 67 år, av desse er ein tredel over 80. Fordi aldersgruppa stadig blir friskare, er det berre kvar femte over 67 år som treng kommunale tenester.

Tverrpolitisk Liste for Giske vil:

- Samarbeide med tilsette om aktuelle tiltak for betring av arbeidsmiljø og høgare trivsel.
- Styrke grunnbemanninga, og minske belastninga for tilsette. Dette gir mindre behov for vikarar.
- Samarbeide betre med brukarar og pårørande, og gje god informasjon om rettane deira.
- Sikre meir enn 100 med demens i kommunen, og deira pårørande, eit tilpassa tilbod.

KULTUR, FRITID OG IDRETT

Giske Kommune har eit allsidig og aktivt kultur- og idrettsliv, som er ein viktig del av eit allsidig fritidstilbod. Det er viktig med eit aktivt samarbeid mellom dei aktuelle aktørane, slik at ein sikrar ei best mulig effekt av avgrensa ressursar. Frivillig dugnadsinnsats er grunnleggjande for eit godt samfunn.

Tverrpolitisk Liste for Giske vil:

- Støtte opp om dugnadsbasert kultur- og idrettsaktivitet.
- Arbeide for varierte tilbod til ulike interesse- og aldersgrupper. Satse på småjobbformidling for ungdom.
- Utvide verksemda til Frivilligsentralen for å auke frivillig samfunnsinnsats på alle øyane.

KYRKJE

Kyrkja er viktig for mange i ulike fasar og situasjonar. Kyrkja er samlingsstad for mange gjennom heile året. Til tross for gode bidrag frå kommunen, er det likevel store oppgåver som må løysast framover.

Tverrpolitisk Liste for Giske vil:

- Starte planlegging av naudsynte utvidingar av kyrkjegardane på Valderøy og Godøy.
- Sikre godt stell av kyrkjegardane.
- Sikre godt vedlikehald av kyrkjene.

NÆRINGS LIV

Giske Kommune treng eit meir utbygd næringsliv. Det må gjevast gode vilkår for etablering og vekst. Målet er eit mangfaldig og sunt næringsliv, med god økonomi for å gje mange arbeidsplassar.

Tverrpolitisk Liste for Giske vil:

- Bidra til å etablere aktive fora for næringsutvikling i Giske Kommune.
- Bidra til fagleg oppdatering for næringslivet i Giske Kommune.
- Gjennomføre tiltak for å skaffe og utvikle næringsareal for ulike slag næringsverksemder.
- Arrangere årlege samlingar mellom politikarar og næringslivet i Giske

PERSONALPOLITIKK OG ADMINISTRASJON

Giske kommune har ca. 650 tilsette, som er den viktigaste ressursen til kommunen. Motiverte og inspirerte tilsette trivs betre på jobb, og gjer eit betre arbeid.

Motivasjon og inspirasjon er eit leiaransvar. Difor er rekruttering av leiarar viktig for å skape gode og effektive arbeidsplassar. Det skal det vere like arbeidsforhold for ulike personalgrupper. Når det trengs kostnadsreduksjonar, må administrasjon bidra i same grad som andre etatar.

Tverrpolitisk Liste for Giske vil:

- Få utvikla retningslinjer for rekruttering av tilsette, med hovudvekt på leiarar.
- Få utvikla program for utvikling og oppdatering av personell.
- Gjennomgå administrasjonen med tanke på effektivisering. Betalt lunsjpause inneber at man er tilgjengelig.
- Få like forhold for ulike personalgrupper, m.a. med rett til permisjonar.
- Innføre tiltak for å få tilsette til å stå lengre i arbeid og redusere sjukefråveret.

INFRASTRUKTUR OG PLANLEGGING

Eit sterkt aukande folketal krev mellom 50 og 100 nye bustader i året, med tilhøyrande tekniske anlegg. Giske har lite areal tilgjengeleg. Mykje er bandlagt til flyplassen, og mykje er verna. Utbygging må ta omsyn til friluftsliv- og leikeområde og landbruksinteresser. Det må innførast strengare reglar for kor det kan byggast, korleis og kor mykje.

Tverrpolitisk liste for Giske vil:

- Vedlikehalde vassleidningsnettet for å unngå lekkasjar og dårleg vasskvalitet.
- Betre vegstandarden på Giske, og andre stader i kommunen med særleg behov.
- Arbeide for betra trafikktryggleik.
- Planlegge bustadområde med sikte på varierte bustadtypar. Det må takast omsyn til tidlegare busetnad og byggestil.
- Sikre mest mulig av gjenverande fjøreområde for allmenn ferdsel.

TVERRPOLITISK LISTE FOR GISKE

Kandidatane på Tverrpolitisk liste for Giske har allsidig og relevant bakgrunn for å ta fatt på dei krevjande oppgåvene kommunen står framfor:

- Allsidig bakgrunn og erfaring frå politisk arbeid.
- Allsidig bakgrunn og erfaring frå næringsliv og leiging.
- Økonomisk bakgrunn og erfaring med økonomistyring og budsjettarbeid.
- Vilje til å prioritere og gjennomføre.
- Mot til å seie nei når økonomien ikkje strekk til.
- Vilje til samarbeid med tilsette for å skape meir motivasjon og inspirasjon for arbeidet og kommunen.
- Vilje til innsats for kommunen og kommunale tiltak og oppgåver.
- Vilje til samarbeid på tvers av partigrensar for å finne løysingar innan mulige økonomiske rammer.

Bli medlem i TLG

Besøk hjemmesiden vår

www.tlgiske.no

Klikk på fanen **Medlem** og registrer deg.



TVERRPOLITISK LISTE for GISKE



1. Olav Sindre Roald



2. Asbjørn Furnes



3. Kolbjørn Rørstad



4. Torunn Lied Giske



5. Janne Farstad



6. Gunnar Olav Morsund



7. Anne Britt Valderhaug



8. Malvin Molnes



9. Eldar Torbjørn Giske



10. Karl Johan Roald



11. Birgit Karin Roald



12. Oddvin Remme



13. Kari Hoel Roald



14. Anne Marie Skjong



15. Baard Gunder Røsvik



16. Ann-Iren Sperre



17. Ingrid Heggem Roald

**Stem JA til ein
ansvarleg politikk
i Giske kommune**

www.tlgiske.no